



UNIVERSITETET I OSLO

DET HUMANISTISKE FAKULTET

Ordinær eksamen i EXPHIL03 hausten 2014 – sjølstudiumsvarianten

Tysdag 2. desember kl. 09.00-13.00 (4 timar)

Opgåvearket har ei side.

Det er ikkje lov å bruke hjelpemiddel.

Du må svare på ei oppgåve frå del I og ei oppgåve frå del II.

Del I: Filosofi- og vitskapshistorie

Anten:

Om det høgaste godet for mennesket

Grei ut om korleis Aristoteles går fram for å svare på spørsmålet «Kva er det høgaste godet for mennesket?» i pensumutdraget frå *Den nikomakiske etikk*. Ville Kant ha vore einig med Aristoteles i synet på det høgaste godet? Grunnje svaret.

Eller:

Descartes og Hume

Kan vi oppnå sikker kunnskap om den ytre verda? Drøft spørsmålet med bakgrunn i erkjenningsteoriane til Descartes og Hume.

Del II: Etikk

Anten:

Dyd og kvite løgner

I eit leksikon finn vi følgjande: «*Hvit løgn* betegner en løgn eller bevisst usann setning som ikke har til hensikt å gjøre noen skade, men som eksempelvis nyttes for å unngå en ubehagelig situasjon.»

Grei kort ut om forskjellen mellom dydsetikk og deontologi. Drøft deretter om ein dydsetiker kan godta kvite løgner eller ikkje. Ville ein deontolog, som f. eks. Immanuel Kant eller Charles Fried, kunne akseptere denne typen løgner? Grunnje svaret.

Eller:

Abort og spedbarnsdrap

I artikkelen «Å ta liv: embryoet og fosteret» hevdar Peter Singer at det å abortere eit foster *før* 18. svangerskapsuke er ein moralsk nøytral handling. Korleis grunnjer Singer denne påstanden? Kva meiner Singer om aborter *etter* 18. svangerskapsuke og kva meiner han om spedbarnsdrap? Singer diskuterer Judith Jarvis Thomsons tankeeksperiment om ei kvinne som ufrivillig vert kopla til ein sjuk fiolinist. Gje att hovuddraga i tankeeksperimentet og drøft Singers vurdering av det.